

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2014 46. årg.



Frimenn

side 4



Nankai

side 6



Kirkevekst blant kirke-
fremmede

side 8



Bibeldagen

side 11

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00	
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 970 99 661
Diakon: Marit Høie Hetland	tlf. 911 63 039
Diakon: Ingelin H Norbakken	tlf. 48 19 03 18
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik	tlf. 51 77 03 76
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf. 51 77 03 63
Trusopplærar: Tove Hersdal	tlf. 51 77 03 72

Time	
Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad	tlf. 900 21 635
Klokkar: Sofie Braut	tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne	
Heimeside http://www.brynekyrkja.no	
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge	tlf. 51 77 03 77
Ungdomspastor: Johannes Kleppe	tlf. 951 42 602

Lye forsamlingshus	
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no	
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim	tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland	tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Mariann Espeland	tlf. 915 91 223

Undheim	
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no	
Sokneprest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Undheim kyrkje	tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
 E-post sokneråda:
 Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no



Gunnar Frøyland

Til ettertanke

Kva er eit menneske?

Salme 8 i Bibelen tar oss med under stjernene. Mange av oss har stått der ei klår vinternatt utan måne. Me har sett ut i det uende-lege. Me har undrast og spurt: Kva er då eit menneske at du hug-sar på det, eit menneskebarn at du tek deg av det?

Eg kjenner meg liten under stjernehimmelen. Når eg ser det veldige som Gud har skapt, kven er då du eller eg at Gud skulle bry seg om oss, høyra våre bønner og elska kvar og ein av oss. Me er ikkje meir enn eit usynleg støvkorn målt mot det uendelege. Og så seier salmen: *Du gjorde menneske lite lågare enn Gud og krona han med herlegdom og ære. Du sette han til herre over det dine hender har skapt.*

Menneske er ingenting i det store, målt mot skaparverket eller målt mot Gud. Men-neske er store i det vesle, målt mot alt me er i stand til å gjera på kloden vår. Mennesket ber Guds bilete og er store nok til å bruka og ta vare på jorda Gud har gjeve oss, er store nok til å bruka og ta vare på plantar og dyr, er store nok til å ta vare på andre menneske og bruka oss sjølve til å elska nesten. Me er skapte store nok til å høyra og skjøna kva Gud vil med liva våre og små nok til å bøya vår vilje etter den veldige Gud. Noko gjekk galt. Mennesket vart for lite til å skjøna kva Gud vil med liva våre. Men-nesket vart for stort til å bøya viljen si for Guds vilje. Menneske byrja bruka opp i staden for å bruka, ødeleggja framfor å ta vare på, og me elska oss sjølve framfor vår neste.

For oss, i våre auge har mennesket blitt lite og uverdig, men i Guds augo er me framleis krona med herlegdom og ære. Ennå er me så store, så verdfulle, så viktige at Gud elsker oss med ein evig kjærleik. Han elsker og gir Son sin til oss. «Kva kjærleik er har vi lært av at Jesus gav livet sitt for oss.» skriv Johannes (1.Joh 3,16). **I Kristus** er ein viktig seiemåte i Paulus sine brev. I Jesus har me del i hans rettferdige liv. I Jesus har me del i hans død for våre synder. I Jesus har me del i oppstoda og evig liv. I Jesus har me del i tilgjevinga og vert sagde rettferdige.

I Jesus har Gud si glede i deg. I Jesus er vegen opna til livet der du vert fornya etter Guds bilete. I Jesus, for i han er alt lite i deg skjult, så alt det store i han skal verta openberra i deg. I Jesus, i Herrens år 2014, gjeld at Gud gav Son sin for deg, for at du ikkje skal gå for-tapt, men ha evig liv, i kraft av Guds veldige kraft. Herre, vår Herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda.

Gunnar Frøyland

Min Salme

“...Denne salmen er bøygd i «takknemlighetens grammatikk»”

Syng i stille morgonstunder

*Syng i stille morgonstunder,
syng Gud Fader lov og ros!
Sjå, han gjer på nytt det under,
kallar fram or mørkret ljøs!
Sjå hans sol all skapning gyller,
alt med liv og lovsong fyller,
sjå hans kjærleiks smil i sky,
sjå kvar dag hans nåde ny!*

*Lær oss, Gud, kvar dag å telja,
sjå, kor snøgt vår livsdag lid!
Lær oss livsens veg å velja
medan det er enno tid!
Enn i dag du vil oss kalla,
snart kan mørker på oss falla.
Lat oss medan det er dag,
fylgja Andens nådedrag!*

*Gud, som skapte sol og stjerna,
deg me syng vår takk og lov!
At om oss du ville verna
medan me i mørker sov!
Lys og lei oss, ljøsens Fader,
til vår sol i gravi glader,
vekk oss så til morgon ny,
dag med solskin utan sky!*

Tekst: Elias Blix, 1891



Sofie Braut

“Å velja ein tekst til denne sida viste seg å bli eit lite over- og tilbakeblikk over song-historia i livet mitt.”

Songar ein har med seg frå tidlege barneår, er noko ein alltid kan henta fram att, dei ligg der som ein god gjen-klang gjennom ulike livssesongar. Har ein lært ein god song som liten, då har ein andakt, kultur og perspektiv med på vegen. Å læra barna songar er som å smørja ei god nistepakke; dei små veit kanskje ikkje kva dei har med seg, før dei tek det fram ein dag og oppdagar det på nytt. Far lærte meg mange tekstar som eg knapt for-sto kva betydde før eg som vaksen merka at eg framleis kunne teksten og no også forsto innhaldet!

Her har eg valt meg ein gammal salme av Elias Blix som eg lærte av far då eg var heilt lita. Denne oppsummerer livsløpet til eit menneske og set det i perspektiv. For meg, midt i «her-og-nå»-kulturen er dét viktig. I tillegg opplever eg at alt i denne salmen er bøygd i «takknem-lighetens grammatikk»—slike øvingar i å vera takknem-leg har blitt stadig viktigare for meg. Det at «Hans sol all skapning gyller» er heldigvis heilt vêr-uavhengig: når ein vert merksam på Herrens nærvær i kvardagen, slepp lyset til.

Sofie Braut

Foto framside: Bryne kyrkje i vinter klær, november 2013. Foto: Knut Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net og må vera oss i hende innan 13. mars.

Neste nr. kjem ut ca. 3. april 2014.



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



Frimenn med kjende sangar på Ålgård bedehus 15. januar 2014



Terje Vold, dirigent

Alle som har høyrte og sett mannskoret Frimenn, har lagt merke til trekkspeleren og dirigenten Terje Vold. Entusiastisk og med glimt i auga leiart han flokken med godt tilårskomne mannfolk med fast hand. Koret skaper stor begeistring overalt der dei kjem! Helgedagen har teke ein prat med Terje Vold for å få vita litt meir om koret.

Kva var tanken bak oppstarten av mannskoret Frimenn?

Som tidlegare nemnt var det Bruno Jakobsen og eg som stifta koret for godt 13 år sidan. Han skulle vera åndeleg leiart. Eg skulle ta meg av det musikalske. Me ville prøva noko nytt. Starta eit mannskor med eit breiare repertoar enn dei tradisjonelle kyrkjelyds- og bedehuskora.

Me ønskte å få med oss menn som ikkje hadde sin faste plass på bedehuset eller i kyrkja. I tillegg hadde me ein tanke om at vårt arbeid kanskje og kunne inspirera andre til å starta kor med liknande profil.

Fakta om Frimenn
Stifta 24. oktober 2002
Initiativtakarar: Bruno Jakobsen og Terje Vold
34 medlemmer frå Hå, Klepp og Time
Øving på Høyland Bedehus kvar andre måndag
Orkesterøving ein time; ein time med song og til sist 30 min. kaffi og drøs
Spelt inn to CD-ar.
Den første i 2010; selt ca 2300.
Den andre spelt inn i 2012; selt ca 1200

Kva er repertoaret i koret?

Hovudtyngden av songane skal vera godt kjende slik at folk kan syngja med på det meste. Eg trur at dei fleste songane kunne høyrast i ønshjekonserten den tid me var unge. Me bruker eit omgrep som me kallar »Frå Fotlandsfossen til Perleporten». Det seier vel alt om kva songar me syng i koret!

Korleis er koret organisert og kva er di rolle?

Me har eit uformelt styre som møtest når me har saker som skal drøftast. Når det gjeld styreform, er mottoet mitt: minst mogeleg byråkrati. Det viktigaste vervet er kasserar. Me må ha orden på økonomien! Dei fleste spørsmåla som treng avklaring, tek me på øvingane. Mi rolle er å velja songar, koordinera semesterprogrammet og leia koret på øving og når me er ute på oppdrag.

Får de mange spørsmål om å opptre?

Me tek på oss to oppdrag kvar månad. 2014 er fullbooka. I 2015 er alle ark enno blanke.

Kva trur du bakgrunnen er til at folk «går mann av huse» for å høyra koret?

Eg trur det er tre grunnar til at mange møter opp når Frimenn syng:

- Me syng songar som folk kjenner og som dei kan syngja/ nynna med på.
- Det me gjer, er enkelt, både songen og musikken er ukomplisert.
- Me prøver å gjera det mest mogeleg uhøgtideleg. Det er lov å klappa og smila!

Kva med den økonomiske biten? Det kostar å driva eit kor?

Me hadde i starten ingen planar om å blanda pengar inn i arbeidet. Alt me gjer, er gratis. Men så kom idéen om å spela inn ein CD, og då endra alt seg. Kva skulle me gjera av alle pengane? AFRI (afrikansk initiativ for næringsutvikling) vart



Foto: KAA

Frimenn koser seg med vennar. Friluftstunet Brekko, Gjesdal i juni 2013

løyisinga. Mesteparten av pengane har gått til dei. Kjetil Fuglestad er medlem i koret og aktiv i AFRI-arbeidet. Han held oss oppdaterte på det som skjer i stiftinga. Etter at det har vorte kjent, er det mange lag og foreningar som gjev oss pengegåver når me er ute på oppdrag. På den måten kan me og vera med å bidra til næringsutvikling i Afrika!

Kan kven som helst byrja i koret?

Akkurat no kan me ikkje ta inn fleire i koret. Det er viktig for meg at koret er i musikalsk balanse slik at musikken står i forhold til songen. Det må og vera eit passende styrkeforhold mellom første- og andrestemmen. Ei anna utfordring er at me ofte er ute og syng i små forsamlingslokale, og då kan me ikkje vera for mange!

Helgedagendagen sin utsende er overtydd om at Terje Vold og Frimenn og i 2014 vil gleda mange med songen og musikken sin!

Lukke til med eit viktig arbeid.

AV

Terje Vold med muskarane til Frimenn på Ålgård bedehus



Foto: KAA

Hilsen fra Nankai i Japan



Maria
Bue Kessel, 17 år, har
trødd sine barnesko i denne
menigheten. Dette skuleåret
er ho utvekslingsstudent ved
ein vidaregåande skule i Yoko-
hama, nabobyen til Tokyo. I
ein langweekend reiste ho
"heim", og nå har Helgeda-
gen fått helsing.
-emb-

Møte med vennene fra barnehagen og barneskolen, nå i skoleuniform for videregående

Hver søndag etter gudstjenesten satt de voksne og snakket om store og viktige ting for fremtiden. Det forstod vi ni-åringer godt. Noe stort skulle skje. Alt skulle flyttes til et nytt, større og finere sted. Derfor trengtes det skikkelig planlegging med innsamling av penger. Mamma og pappa snakket alltid om tegninger av kirkebygget. Den nye kirken skulle ligge nær Momonokidai, der vi bodde. Den skulle ligge ved Hakotsukuri togstasjon, og korset skulle være stort slik at det kunne sees fra lang avstand.

Vi flyttet til Norge, og først nå når jeg er tilbake i Japan, har jeg virkelig forstått hva et slikt flott kirkekors betyr. Rett bak huset i Yokohama der jeg nå bor, oppe på en haug, ligger en kirke. Hver kveld når jeg går hjem, ser jeg på korset og føler meg trygg. Før den nye kirken i Nankai ble bygd, var vi ofte på tomte. En gang tok vi også med spader for å symbolisere at det snart skulle bygges! Så rydda de voksne på tomte, og vi barna hjalp til og lekte der. Vi ba for plassen om at alt skulle gå bra. Det var stas. For fem år siden var vi tilbake og fikk være med på innvielsen av den nye kirken. Den var så hvit, flott og fredelig.

I fjor november dro jeg til Osaka igjen, da som syttenåring helt alene og med nye tanker og følelser fra en hel barndom med fantastiske Japan-minner. Det var en fryd å treffe me-

I seks år, fra 2002 til 2008, hadde Bryne kyrkjelyd avtale med Det Norske Misjonsselskap om misjonsprosjekt knytt til Nankai menighet i Japan. Terese Bue og Haakon Kessel var misjonærer der. Kyrkja var i dårleg stand, og ny motorveg og anna regulering hadde medført at gudshuset vart liggjande heilt i bakevja. I mange år hadde kyrkjelyden hatt planar om å byggja nytt, og ikkje minst eit ynskje om ei anna tomt. Så fekk Bryne kyrkjelyd vera med i innspurten med støtte til dette prosjektet. Søndagsofringar og 25 prosent av inntektene ved julemes-sene vart eit stort handslag for å reisa ei ny kyrkje.



Besøk hos herr Zennami. Et visdomsord fra han jeg husker godt er: Det du lærer som voksen er skrevet i sand. Det du lærer som barn er skrevet i stein

nigheten igjen! Jeg fikk omvisning i hele bygget. På loftet hang det store brune korset som var på veggen ved alteret i den gamle kirken. Benkene var også fra den gamle. Det var rørende å feire gudstjeneste der. Som barn var jeg som oftest på søndagsskolen. De vanskelige talene til pappa forstod jeg lite av. Men nå forstod jeg! Jeg kjente igjen mange av salmene. Da sangen, pianoet og den lune okarinalyden (japansk fløyte) blandet seg så vakkert sammen, rant tårene.

Den nye presten kalte meg for "datter til herr og fru Kessel". Jeg måtte holde tale og snakke på vegne av mine foreldre. Så spurte alle om livet i Norge og hva mor og far jobber med. Jeg besøkte mange, blant annet herr Zennami som er 100 år. Herr Zennami har vært i menigheten helt siden vi var små og tok

samtaler. Bare det å puste inn lufta, mimre om barndommen, gå rundt i nabolaget og hilse på gamle tanter, lærere og venner var helt uvirkelig.

Det å være misjonærbarn er spesielt. Jeg vet ikke hva jeg skal kalle hjemme, Norge eller Japan? Men nå har jeg bestemt meg for at jeg trenger ikke vite det heller for å få ro i sjela. Jeg er så takknemlig for alt jeg har opplevd gjennom oppveksten min i Japan! Så er jeg også takknemlig for Norge og at jeg nå har fått muligheten til å dra på utveksling til Japan, som jeg har savnet så fælt. Jeg er glad for at jeg kan si: "Jeg har sett Nankai kirke vokse seg ny og flott til det den er i dag!" Tusen takk for pengestøtte og bønn!

Maria Bue Kessel



Det store korset fra min barndoms kirke



Det lyse kirkerommet i Nankai nye kirke med de gamle benkene og putene

Willow Creek:

Kirkevekst blant kirkefremmede



Gudstjeneste i Willow Creek 23. november 2013. Mellom 5500 og 6000 er til stede. Lovsang er en naturlig start i auditoriet som har dype stoler, god plass mellom setene og alle tenkelige teknologiske fasiliteter

En av de største og mest innflytelsesrike menighetene i USA har like mange gudstjenestedeltagere en vanlig helg som det er tilskuere på Ullevaal Stadion under cupfinalen.

De nær 25.000 gudstjenestebesøkende i Chicago-kirken, inkludert filialene, ville fylt Bryne arbeidskirke nesten 60 ganger. Men det er ikke bare størrelsen som gjør inntrykk.

Utenfra ser kirkekomplekset ut som et kjøpesenter. Innenfor hovedinngangen minner det mer om en flyterminal. Rulletrapper og heiser tar deg opp til ett av de tre nivåene i kirkesalen.

Megakirke

Det var slett ikke gitt at den beskjedne starten i en kino 12. oktober 1975, skulle være kimen til en megakirke som den som i dag ligger i Chicago-forstaden South Barrington, vel en times biltur nordvest for USAs tredje største by. Innbyggerne ble spurt hvorfor de satt hjemme når det var gudstjeneste. -Kirken var kjedelig, livsfjern og uten appell, sa de.

Grunnlegger og seniorpastor Bill Hybels i Willow Creek Community Church, svarte med å skape en annerledes kirke, med lav terskel, der underholdning, livsnær forkyn-



En engasjert Bill Hybels taler om når du yter best

nelse, kaffebar, restaurant og tilbud til alle generasjoner inngikk. Selv om kirken er bygd på evangelikalsk, protestantisk kristendom, er kors, alter og kirkelig utsmykning erstattet av kongressenter-interiør, dype kinostoler og en

gigantisk scene. Etter hvert har anlegget vokst, og det tar mellom 8 og 10 minutter å gå fra den ene delen inne i anlegget til den andre.

Fra barn til pensjonister

Vi besøkte Willow Creek i slutten av november. Bill Hybels underviser i hovedsalen, og snakker om faresignaler med å jobbe for mye, oppleve dyptgripende konflikter og hva som skal til for å komme i «flyt-sonen», der du er mest effektiv og kan gjøre best nytte for deg. Foredraget på gudstjenesten er bibelsk forankret, men kunne også passet på en arbeidslivskonferanse.

Vi er der både på kveldsgudstjenesten lørdag, og de to gudstjenestene dagen etter. De tre gudstjenestene er helt identiske. Storskjermer både ved scenen og på flere nivåer i amfiet gjør det lettere å følge med. Gudstjenestene overføres til de seks filialene andre steder i delstaten Illinois. Og folk som oppholder seg i restauranten, der det sitter 5-600 gjester søndag, kan følge gudstjenesten på tv-skjermer. Og i kapellet i enden av kirkebygget er det samtidig gudstjeneste for spanskaltalende. Flere tusen ungdommer samles i amfiet som tidligere var hovedsal, et annet sted i bygningen, og i kjelleren er mer enn 600 barn samlet til egne aktiviteter.

Profesjonell

Profesjonalitet, en tydelig visjon, uttalte kjerneverdier og en effektiv strategi preger kirken som har Jesus som forbilde. Frivillige deler ut fargerike brosjyrer om gruppetilbud for alle sider ved livet, som er mer mangfoldig enn det er mulig å tenke seg.

Det mangler likevel ikke på kritiske røster. Noen mener kirkens moderne markedsføring og tilpasning til folks

FAKTA:

Willow Creek Community Church er den tredje største kirken i USA, målt i antall gudstjenestebesøkende.

Har over 400 ansatte og 10.000 frivillige. Har seks filialer i og rundt Chicago for å gjøre det lettere for folk som bor langt unna å delta.

Kirken er til for at kirkefremmede skal bli hengivne etterfølgere av Jesus Kristus. Driver Willow Creek Association med over 11.000 medlemsmenigheter, deriblant 300 norske, der Lye forsamlingshus er ett av medlemmene.

Står bak Willow Creek Global Leadership Summit, som underviser i Willow Creek-modellen og tar opp tema som skal bidra til å nå målene i visjonen. Har både kirke-, næringslivsledere og politikere fra hele verden på deltagerlisten. Både rockegruppen U2's frontfigur Bono (Paul David Hewson), og tidligere presidenter som Bill Clinton, Jimmy Carter, og den tidligere britiske statsministeren Tony Blair har vært deltagere. Har konferanser på flere kontinenter, også videokonferanser, der den siste til Norge var i Sandnes 8. og 9. november med mange deltagere fra Time.

Hovedsalen har tre nivåer, og like mange seter som Oslo Spektrum

Fortsettelse ►



► Willow Creek:



Inngangshallen minner mer om et terminalbygg på en flyplass enn en kirke. Rulletrappene i bakgrunnen tar deg opp til nivå II og III i hovedsalen

ønsker gir menneskene det de vil ha, men er svært annerledes enn det evangeliet er ment å gi. Selv sier kirken den er en «Apostlenes Gjæringer 2-kirke», der forkynnelsen gjennomføres av Jesus som redningsmann og livsforvandler. Kirken avviser innvendingene og mener resultatene taler for seg.

3 millioner måltider

Bill Hybels er åpen om utfordringene kirken har slitt med det siste året, men en ny menighetstest viser at kirken er på rett vei. Den scorer langt høyere nå, der den før lå lavt på viktige indikatorer. Han høster applaus fra en nesten fullsatt kirkesal, der mellom 5500 og 6000 deltagere har

benket seg lørdag kveld. Det samme gjentar seg på de to gudstjenestene søndag.

-Vi skal endre logoen vår ved innkjørselen, sier plutselig seniorpastoren, og forklarer at skiltet som ønsker velkommen ved hovedveien, vil få tillegget: Care Center. Kirkens sosiale profil, omsorgen for de vanskeligstilte og arbeidet med å få bukt med lokal nød, skal mer frem i lyset. Menigheten deler ut mer enn 3 millioner gratis måltider til trengende hvert år, og de som får glede av maten, kommer også fra flere av de omkringliggende delstatene.

Tekst og foto: dafo



Parkeringsplassen utenfor kirkekomplekset som fyller nesten hele billedbredden bak bilene, har plass til over 4000 biler. Det er to-felts-veg i begge retninger til og fra kirken



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

I februar 1814 fekk biskopane beskjed frå kronprinsregenten, Christian Fredrik, om å kalla inn til ein ekstraordinær bededag for land og folk. Dagen vart sett til fredag 25. februar. Christian Fredrik ville sikra at Norge ikkje skulle verta lagt under Sverige, slik det var bestemt ved Kielfreden. På gudstenesta skulle folket slutta opp om Christian Fredrik med eid og velja valmenn som sidan skulle velja utsendingar til riksforsamlinga på Eidsvoll

Feiring i kyrkja

Markering i gudstenester

23. februar og 17. mai

Gjennom året vert det mange markeringar av grunnlovsjubileet, nasjonalt og lokalt.

Først ut her i Time vert markering av jubileet ved gudstenestene i Time kyrkje og Bryne kyrkje den **23. februar**.

Forfatter Edvard Hoem har skrive prolog og bønner til gudstenestene denne dagen. Me vil takka og be for land og folk.

17. mai vil jubileet bli markert i alle gudstenestene.

Kulturkveld - Grunnlova 200 år

Bryne kyrkje

18. mars kl 1900

- Foredrag ved forfatter Edvard Hoem
- Helsing ved ordførar Reinert Kverneland
- Kulturprogram ved blandakoret Jærklang og Time kulturskule

Matservering

Allsang og solist til salmar av Edvard Hoem

Inngangspengar: 100 kr

Arrangør: Time historielag og Bryne sokneråd

Bibeldagen 2014: Ein million biblar til Cuba**Bibeldagen 2014 blir feira 15. - 16. februar**

«Dette er den største mangelen på biblar eg har sett nokon stad.» Orda fall då Det Norske Bibelselskap vitja Cuba. Bibeldagen 2014 set kyrkjelyden difor fokus på Cuba.

Det er sterk lengsel etter Bibelen på Cuba, men stor mangel på biblar. Kyrkjene reknar sjølve at mangelen ligg rundt 950 000 biblar. Det Norske Bibelselskap har gått saman med andre bibelselskap om eit stort løft: Ein million biblar til Cuba. Dei innsamla gåvene til bibelarbeidet på Cuba skal gå til:

- Barnebiblar til born i skulealder
- Biblar til tenåringar og unge vaksne
- Biblar til nye kristne
- Biblar til innsette i fengsel
- Studiebiblar til studentar og pastorar

Den sterke kyrkjeveksten på Cuba er hovudgrunnen til den store mangelen på biblar. Cuba har den sterkaste kyrkjeveksten i heile Latin-Amerika. Det største ønsket til dei nye



kristne er ofte å få sin eigen bibel.

Det kostar 25-30 kroner å trykkje og frakte ein bibel til Cuba. Kyrkjene har ikkje sjølve høve til å importere biblar. Den einaste sjansen er difor at biblane kjem inn utanfrå.

Bibelselskapet sitt kontonummer: **3000.16.16869**

NB! Sjå program for Bryne side 14

*Når jeg ser din himmel,
et verk av dine fingre,
månen og stjernene som du har satt der,
hva er da et menneske – at du husker på det,
et menneskebarn – at du tar deg av det?*

*Du satte ham lite lavere enn Gud
og kronet ham med herlighet og ære.*

*Du gjorde ham til herre
over dine henders verk,
alt la du under hans føtter:
småfe og storfe i samlet flokk,
de ville dyrene på marken,
fuglene under himmelen og fisken i havet,
alt som ferdes på havets stier.*

*Herre, vår herre,
hvor herlig ditt navn er over hele jorden!*
Fra Salme 8



Foto: KAA



Kvinnernes internasjonale bønnedag i Time fredag 7. mars 2014

Fotland Bedehus	kl 16.30
Undheim kyrkje	kl 14.00
Bryne - Frelsesarméen	kl 19.00

Kvinnernes internasjonale bønnedag markeres den første fredagen i mars hvert år, i Norge og i resten av verden. I år får vi programmet fra kvinner i Egypt.



Maleri: Farid Fadel

Egypt: Bekker i ødemarken

“Nytt liv 2014” med Evangeliesenteret

**Møteserie i Bryne frikyrkje
6. - 9. mars**



Torsdag 6. mars kl. 19.00 Ungdomsmøte Taler: Bjørn Bogen
Fredag 7. mars kl. 19.00 Taler: Lise Karlsen
Lørdag 8. mars kl. 11.00 Kvinnemøte på kvinnedagen m/ Lise Karlsen
Lørdag 8. mars kl. 14.00 Sangmøte på M44
Lørdag 8. mars kl. 19.00 Taler: David Filtvedt
Søndag 9. mars kl. 11.00 Gudstjeneste Taler: David Filtvedt
Søndag 9. mars kl. 19.00 Taler: Knut Labråten

Arr: Bryne frikyrkje



Torsdagstreff Bryne kyrkje (peisestova)

20. februar kl 14.30

Aina Basiliar Våge:
“Flyktningebarna – angår dei oss?”
Sang, matøkt og andakt

20. mars kl 14.30

Leif Jon Paulsen:
“Om å hjelpa andre med syn og hørsel
som verktøy”
Sang, matøkt og andakt

EITT I KRISTUS

**Kristne forsamlingar på Bryne
møter kvarandre i Bryne kyrkje til
kveldsgudstenesteseie våren 2014**

2. februar: Bedehuskirken i fokus

Lovsangsband og tale av Torstein Bjorland
Tema: Eitt i engasjert trusliv

16. februar: Bryne frikyrkje i fokus

Gruppe fra Bryne Soulchildren. Tale av Håvard Sandve
Tema: Eitt i Ordet – Bibeldagen

16. mars: Frelsesarmeen i fokus

Menighetsmusikken. Tale av Erling Mæland
Tema: Eitt i misjon

27. april: Pinsemenigheten Zion i fokus

Sang og tale av Jon Erling Henriksen
Tema: Eitt i Kristus som greiner på same tre

Alle felles kveldsgudstenester startar kl 19.00
har bønnesamling i kjellaren frå 18.30
har bønnevandring med nattverd
har lovsong og vitnesbyrd
har gåve/kollekt til arbeidet i forsamlingane

VELKOMMEN!!

Arr: Gudstenesteutvalet i Brynekyrkja i samarbeid med kristne forsamlingar på Bryne



**Lye forsamlingshus
11. og 15. februar 2014**



Er du glad i meg?

Familiar i nettverk

11. og 15. februar 2014 kjem «Familiar i Nettverk» til Lye og held familiekurset "Er du glad i meg?", i samarbeid med Lye forsamlingshus.

Dette kurset handlar om betingelseslaus kjærleik og korleis formidla denne kjærleiken slik at barna våre kjenner seg elska.

Kurset går over to dagar (ein kveld + ein laurdag føremiddag). Første del er undervisning til foreldre, medan andre del er ein familieverkstad.

Påmelding til: si@time-kyrkja.no

Pris: 400 kr per familie

Det er plass til 15 familiar.

Les meir på www.familierinettverk.no

VÅRFEST FOR ALLE OVER 60 ÅR



**UNDHEIM KYRKJE
Søndag 16. mars kl 15.00**

- Sang av DeKor
- Garborg ved Torstein Tunheim
- Allsang
- Andakt ved Stein Ødegård
- Innslag av elevar frå Kulturskulen
- Det blir god mat og drøs

Arr: Time diakoniutval

Strikkekafé på Lye forsamlingshus

«ikkje bare for dei med strikkesøy»



Strikkekaféen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikkesøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan henda litt hjelp, *men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa*. Det blir "kafe" med sal av litt mat og det blir ei lita utlodning.

Datoane for strikkekafé er:

20.2, 20.03 - kl 19.30

Sjå eiga Facebook-side for kafeen: <https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

 Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80	La oss ta hele badet Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til fiktst ferdig, nytt badrom. Les mer på www.byggelaget.no Byggelaget	<i>Bogh Hafow a/o</i> TOYOTA Fossveien 3, 4370 Egersund tlf. 51 46 17 00	
reime&lode AUTOMOBILT PÅ JÆREN Bernerveien 30, 4365 Nærbø www.reimeoglode.no Tlf. 51 79 10 10 post@reimeoglode.no	KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG ROY FRODE MONGE 90 11 66 41 rfm@rogenes.no ODD KARE RØGENES 90 94 01 80 okr@rogenes.no BYGGMESTER RØGENES & Co A/S FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180	
REMA 1000 Håland 8-22 (9-20) Hognestadvegen 90 51 48 79 02	e i k h i eikhi.no	WACO Forsikringsmegling as	
HAUCK PORTSERVICE AS Jærvn. 152, 4340 Bryne - www.hauck.no 51 43 05 66 - 926 22 559	BERGENE MASKIN Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249 Graving – Transport – Singel – Grus – Solla jord	JÆREN HOTELL	
EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net	Korleis har du det... EIGENTLEG? Krisetelefon 815 33 300 SOS-Melding: www.kirkens-sos.no SOS-Chat: www.soschat.no Kirkens SOS EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST	Den Norske Israelsmisjon Israel 6 nr i året - 240 kr Sjekk ut nettsiden vår!	
Kverneland Bil Vi tar ansvar! Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82 Reevegen 11, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 16 10		www.israelsmisjonen.no	
JÆREN MISJONS RADIO Nærradioen med godt nytt Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22 Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9 Sendetider Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 Tirsdag: 08.30 - 09.00 Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00 Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.			BLIFADDER! www.blifadder.no ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



Fotland bedehus

Februar

- søn 2. Søndagsskule
- man 3. Guttalag
- tors 6. Møte Indresjømannsmisjon
- man 10. Bønnemøte
- ons 12. Årsmøte
- tors 13. Møte Indresjømannsmisjon
- lør 15. Ungdomstreffen
- søn 16. Søndagsskule
- man 17. Guttalag
- ons 19. Saniteten
- tors 20. Møte Indresjømannsmisjon
- man 24. Bønnemøte
- tirs 25. Forening NMS
- tors 27. Møte Indresjømannsmisjon

Mars

- søn 1. Ungdomstreffen
- søn 2. Møte Normisjon
- man 3. Guttalag
- fre 7. Bedehusbasaren
- man 10. Bønnemøte
- lør 15. Ungdomstreffen
- søn 16. Søndagsskule
- man 17. Basar Saniteten
- man 24. Bønnemøte
- tirs 25. Forening NMS
- lør 29. Ungdomstreffen
- søn 30. Søndagsskule
- man 31. Guttalag

April

- fre 4. Fredagskvelden

FRELSESARMÉEN BRYNE



- 1.2 Sang og musikk
- 2.2 Gudstjeneste kl 11.00
- Fellesgudstjeneste Bryne krk. kl 19.00
- 3.2 Øvelse Fellesmusikk kl 19.00
- 4.2 Hjemforbundet kl 19.00
- 6.2 Cafe William kl 12.00
- 7.2 FAbu-klubb kl 18.00
- Over de 60 på Klepp kl 14.00
- 9.2 Familiegudstjeneste kl 11.00
- 11.2 Hjemforbundet kl 19.00
- 13.2 Cafe William kl 12.00
- 14.2 FAbu-klubb kl 18.00
- 16.2 Gudstjeneste. Bibeldagen
- Fellesgudstjeneste Bryne krk. kl 19.00
- 18.2 Hjemforbundet kl 19.00
- 19.2 Vårfest (hjemforb., soldater) kl 19.00
- 20.2 Cafe William kl 12.00
- 21.2 FAbu-klubb kl 18.00
- Bryneheimen kl 16.00
- 23.2 Gudstjeneste kl 11.00
- 2.3 Gudstjeneste kl 11.00
- 4.3 Hjemforbundet kl 19.00
- 6.3 Cafe William kl 12.00
- 7.3 FAbu-klubb kl 18.00
- 9.3 Familiegudstjeneste kl 11.00
- 11.3 Hjemforbundet kl 19.00
- 13.3 Cafe William kl 12.00
- 14.3 FAbu-klubb kl 18.00
- 16.3 Gudstjeneste kl 11.00
- Fellesgudstjeneste Bryne krk. kl 19.00
- 18.3 Hjemforbundet kl 19.00
- 20.3 Cafe William kl 12.00
- 21.3 FAbu-klubb kl 18.00
- 23.3 Gudstjeneste kl 11.00
- 25.3 Hjemforbundet kl 19.00
- 27.3 Cafe William kl 19.00
- 28.3 FAbu-klubb kl 18.00
- 30.3 Gudstjeneste kl 11.00



Lye forsamlingshus

Aktivitet på Lye forsamlingshus:

Open barnehage - LYKKELITEN

Onsdagar 09.30 - 13.00

Barnekor

Agape (4. - 7. kl.): Annankvar mandag 18.00 - 19.00 (Oddetallsuker)
Barnegospel (5 år - 3. klasse):
Mandagar 17.05 - 17.50

JuniorKro

For 6. - 7. klasse, annenhver fredag
19.00 - 20.30

Ungdom (8. klasse og oppover)

Fredagskvelden 22.00

Bryne Kyrkje "Søndagstreff"

Kl 18.00: Ringleik & allsang + kaffi & drøs i peisestova i **Bryne kyrkje**
Kl 19.00: Gudstjeneste i kyrkjesalen

Søndag: 9. feb. - 9. mar.

Arrangementet er tilrettelagt for mennesker med utviklingshemming

Bedehuskirken

ImF Bryne, Saron

- 16. feb 11:00 Bønn, lovsang og minidisipler
- 16. feb 19:00 Enhetsgudstjeneste «Ett i Kristus» i Bryne kyrkje

- 2. mars 11.00 Morgengudstjeneste m/ dåp
- 2. mars 19.00 Kveldsgudstjeneste
- 12. mars 19.30 Årsmøte
- 16. mars 11.00 Bønn, lovsang og minidisipler
- 16. mars 19.00 Enhetsgudstjeneste «Ett i Kristus» i Bryne kyrkje
- 30. mars 11.00 Familiegudstjeneste
- 30. mars 19.00 Kveldsgudstjeneste

AKTIVITETEN

På SARON

saron

Torsdager 19.00 – 21.00

Fra 6. klasse annenhver torsdag:
6.2 - 20.2 - 6.3 - 20.3 - 3.4 - 10.4

Modellflybygging og simulator, bil og elektro byggesett

Misjonsambandet

MAKSKLUBBEN

På SARON


saron

Tirsdager 17.30 – 19.00

Fra 1. klasse og oppover:
4.2 - 11.2 - 18.2 - 4.3 - 11.3 - 18.3 - 25.3
Lørdag 8.3 - Basar

Sløydarbeid hver gang og forming annenhver gang

Bryne misjonslag
tilsluttet Misjonsambandet

 Torland Autoglass AS Storgata 41, 4340 Bryne Tlf. 47 93 55 16	 Tlf 40 04 21 22 Arne Garborgsv 36 www.pro-net.no • Datahjelp hjem på døren • • Databutikk og PC verksted •	 Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi meglar frem dine verdier www.aktiv.no
	 Coop Prix Lye · 51 48 81 74	
	 Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00	
	 Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	
	 I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	 Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne
	 Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625	
 Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året	 • MASSASJEBAD • SENTRALSTØVSUGER • KJØLEROM • AVFUKTER/ • LUFTRENSER Jærveien 67 - Nærbø - Mosterøy - 09543 reha.no REIME & HAUGVALDSTAD Våre kunder skal ha det godt	
	 Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 - 4340 BRYNE Tlf. 51486520	



Nytt frå Time kyrkjeleg fellesråd:

• Husbanken har etter anke gjeve lån til utviding av Undheim Barnehage. Byggjenemda vil no arbeida vidare med prosjektet.

• Arbeidet med utviding av gravplassen på Undheim er godt i gang. Bispedømerådet har godkjent den nye porten til gravplassen.

• Time kommune har vedteke budsjett og økonomiplan for 2014 -2017. Der ligg det inne pengar til fullføring av kyrkjekunsten i Brynekyrkja, men ikkje pengar til lydanlegg på Undheim. Driftsbudsjettet for 2014 er stramt, og det er ikkje rom for auke av stillingar.

• Rehabilitering av Time og Bryne kyrkje held fram i 2014. Planen er mellom anna å skifta ut ventilasjonsanlegget i Brynekyrkja.

• Forprosjektet for utviding av Time gravplass er ferdig og skal til behandling. Helgedagen vil koma med ein presentasjon av planane i neste nummer!

AV



Lys og bykunst frå kyrkjetårnet!

Nå skal byen få gle seg over kunst frå tårnet i Bryne kyrkje!

Time kommunestyre gjorde eit gledeleg budsjettvedtak før jul: 500.000 er sett av til 2014 og 750.000 til 2015. Dette er verkeleg verd ein stor takk!

Per Odd Aarrestad si glasutsmykning i den nyrestaureerte Brynekyrkja skal nå fullførast med kunst i tårnveggen. Dette skal lysa ennå betre ut mot bykvelden enn det som glasmaleriet i kyrkja nå kan gjera.

I starten av 2014 set Kyrkjeleg fellesråd full fart på planar og avtalar for den nye tårnfasaden. Glaskunstkomiteen arbeidar med fullfinansiering av prosjektet. Meld deg gjerne som sponsor eller kjøpar av tresnitt, så støttar du og har ekstra del i ei vakker forskjønning av byen.

Går alt som det skal, vil kunsten stå og lysa frå hausten 2015.

Stein Ødegård



Søndagsskulebasar

Lye forsamlingshus
 lørdag 17. februar
 kl 17.00

Basar NMS

Lye forsamlingshus
 lørdag 22. mars
 kl 17.00

Andakt ved Hans Austnaberg
 Barnegospel. Bevertning
 Hovedtrekning og lynlodd



Kyrkjegardane/gravplassane i Time



Time kyrkje

På grunn av ei endring i gravferdslova er nå «gravplass» det ordet som skal nyttast om kyrkjegardane i Time kommune. Derfor er rette namnet nå «Time gravplass» og «Undheim gravplass».

Unntaket er den eldste gravplassen rundt Time kyrkje. Den vil framleis heita «Time kyrkjegard», også offisielt. Det er nok likevel slik at mellom folk så vil det ofte framleis verta brukt ordet kyrkjegard om alt. Det skal me leva godt med.

Vinteren er ei stille tid for det som spirer og gror i beda på gravene og i beplantning elles. Det kan gjera gravplassen litt grå og fargelaus. I denne tida er det ekstra gildt når lys blir sette ned på gravene. Lysa minner gjennom mørketida om at det går mange tankar til nære og kjære som ikkje lenger er mellom oss. Ver merksame på at desse lysa må setjast inn i lykter for at ikkje fuglane skal stikka av med dei. Skjera er glad i talgen nå om vinteren, og derfor er det ikkje tillatt å setja gravlys av plast fritt på gravene.

Hausten har vore våt alle stadar, også på gravplassane. Massen her er for tett, slik at jorda drenerer altfor dårleg i tider med slike vassmengder. Særleg gjeld dette på dei nye gravfelta på Time. Me må få beklaga overfor alle pårørande som har opplevd tilhøva her som vanskelge. Dette er ikkje verdig for ein gravplass. Mykje på grunn av dei erfaringane me har hausta, vert det ved utvidingane på både Undheim og Time lagt opp til full masseutskifting på gravfelta. Eg vil samstundes gi stor honnør til kyrkjegardsarbeidarane, som under desse vanskelege tilhøva har gjort ein stor innsats for at gravferdene skal kunne avviklast på ein verdig måte. Trøysta er at etter som dei nye gravfelta vert tekne i bruk, så drenerer jorda betre.

Etter kvart som dei som har ansvar for stell av graver vert eldre og fell frå, så kan det vera graver som ikkje lenger blir stelte. For ca 800 kroner pr år er det råd å gjera avtale om at gravplassarbeidarane kan overta gravstellet. Dersom ein ikkje ynskjer at grav blir stelt i det heile, kan ein også gi beskjed om dette til kyrkje-

verje eller til dei som arbeider på gravplassen. Då vil det som har vore bed bli sådd til med gras. Dette blir finare enn eit ustelt bed. Fleire har tatt kontakt fordi dei er usikre på reglane for korleis reglane for bed / plantefelt ved gravstøttene er, og kva som kan setjast ned der. I vedtektene for gravplassane står det: «Framfor gravminnet (gravstøtta) er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet, men det kan elles vera opptil 60 cm breitt. Det kan ikkje stikka lenger fram enn 60 cm målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruka faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter og liknande utanfor plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk. Det er høve til å ramma inn plantefeltet med naturkantstein som fluktar med terrenget rundt. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.»

Det er framleis ein del eldre gravstøtter som ikkje er forsvarleg sikra. Støtta skal vera festa til fundamentet med to rustfrie boltar som skal vera 15 cm lange og 16 mm tjukke. Festar eller kontaktperson for ein gravstad har ansvar for at dette er i orden. Dersom gravstøtter veltar som fylgje av at dei ikkje er forsvarleg festa, skal me prøva å få gitt beskjed til desse. Dersom støttene då ikkje vert festa og sikra innan ein frist, vil dei bli fjerna. Det er ikkje gravplassarbeidarane som har ansvar for dette. Dersom de oppdagar at ei støtte de har ansvar for er laus, vil eg be dykk ta kontakt med det firmaet som har levert støtta eller eit anna tilsvarande firma, for å få hjelp med sikring. Gravplassane er fine, grønne lunger i landskapet der me kan koma og minnast. Utvidinga som er på gang både på Undheim og på Time, vil gjera dei endå finare. Bruk dei gjerne til turområde, men pass på at all ferdsel skjer med respekt. Stiane som ligg rundt om på plassane er gangstiar. Bilar skal setjast på parkeringsplassane. Bare unntaksvis kan bilar kjøra inn på gangstiane og aldri på grasmarka.

Olav Vegard Søyland, kyrkjeverje i Time

Prestestudent i stiftspraksis



Ole Thomas Bientie Reiten

Frå 11. februar til 16. mars vil Ole Thomas Bientie Reiten gjera prestevikarteneste hos oss, mest i Bryne sokn og litt i Time.

Han er student ved Misjonshøgskulen (MHS) i Stavanger. Praksisen er ein viktig del av avsluttande presteutdanning. Ole Thomas vil bli godt kjent med kyrkjelydsarbeidet og breidda av prestetenesta. Han vil mellom anna ha gudstenester, gravferd, dåp, andaktar og konfirmantundervisning. Han kjenner forholda rimeleg godt frå oppveksten sin på Undheim.

Gje han varm velkomst og gode opplevingar.

Kjell Børge Tjemsland

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-5/13

D	O	M	A	R	A	N	E
I	J	E	R	I	K	O	M
K	E	I	A	S	A	R	A
S	S	A	K	A	B	S	N
J	U	D	A	V	A	I	E
O	S	A	M	U	E	L	R
N	O	M	I	N	E	R	A

Vi fylgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverar ein "passande" vits:

HelgeKryssord-1/14 av Gabriel Tengsareid

1			2			3		4
		5		6	7		8	
9					10			
		11		12	13			
14					15			
		16	17			18		
19								

En dag kom lille Kristoffer hjem, mens han strigråt. Moren spurte hva som var i veien.
"Da jeg og pappa var ute å fisket, så fikk han en kjempestor fisk på kroken. Den var sååå stoor", hulket han fram mens han viste med hendene. "...Men akkurat da vi skulle få den inn i båten, kom den seg løs og forsvant ned i dypet."
"Men Kristoffer da", trøstet moren. "Du er da en så stor gutt at du ikke skulle bry deg om sånt. Det skulle du jo bare ha ledd av."

"Ja, det var akkurat det jeg gjorde", svarte Kristoffer.

KAA

Vassrett

1. Få svar (oppfylla)
5. Prima
9. Hard dask
10. Anita Wick. Kv. Norgesmeister i utforsyking 2013
11. Grep
13. Tone
14. Fælsleg keisar
15. Delstat i USA
16. Mann som står til rors
19. Preposisjon

Loddrett

1. Landsby i Israel på Jesu tid
2. Konisk spiralbor
3. Sist født
4. Stamfar
5. Disippel
6. Drikk
7. Fuglen, hoa
8. Påstandar
12. Låg
13. Tilta
17. Kommune
18. Går ..

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time
kto.nr. 3325.39.13407
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver
kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260
Kors på Bryne kyrkje
kto. nr. 3325.37.41061
Stikk innom vår heimeside
http://www.time-kyrkja.no

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Ungdomspastor Johannes Kleppe (Bryne)
tlf. 951 42 602
Sokneprest Per Børge Hillestad (Undheim)
tlf. 934 42 919
Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Ny salmebok



Første søndag i adventstida 2013 vart det teke i bruk ei ny salmebok i Den norske kyrkja: Norsk salmebok 2013. Ei salmebok som er langt meir innhaldsrik enn forgjengaren, og som slett ikkje bare er til innvortes bruk i kyrkja.

Arbeidet med denne salmeboka vart påbegynt i 2004, og den ferdige boka vart vedteken av Kyrkjemøtet 2012.

Norsk salmebok 2013 er eit fyldig og allsidig utval av gammalt og nytt. Den består av 899 salmar og 92 bibelske salmar og liturgiske songar, altså til saman 991 nummer. Ein vil finna igjen 596 tekstar frå den førre Norsk Salmebok og 147 tekstar frå Salmar 1997. 336 tekstar er nye.

Noko av det som er nytt med denne boka, er dei mange ulike språka den rømer. Frå før har me hatt salmar på dansk og svensk. No er det med mange originaltekstar, anten første vers eller heile salmen. Det kan vera salmar som er kjende over store deler av verda, t.d. Amazing grace, Taizé-songar, og det er, som i Salmar 1997, korte vers frå Afrika, Sør-Amerika og Asia. Også desse er kjende over store deler av verda, fordi dei stammar frå dei store økumeniske rørslene. Dei internasjonalt kjende salmane gjer at engelsk språk no vert å finna i vår norske kyrkjesalmebok.

Boka inneheld i tillegg ei bønebok, eit utval av liturgiar og Den lille katekismen.

Det er viktig at salmeboka er rikhaldig og mangfaldig, og at den kan brukast gjennom kyrkjeåret og i ulike fasar av trua. Salmeboka gjer oss ord, i glede og i sorg, ord som me elles vanskeleg ville finna. Og når ein har lagra ein erfaring inn i ein salme sin tekst og melodi, så vil dette seinare alltid klinga med.



Bryne
Kto. 3325.20.11906

Salmeboka sin kapasitet som medvandrar og livstolkar gjer at den må først tilbake til heimen. Kyrkjemøtet har understreka dette ved å gje den undertittelen "For kyrkje og heim". Desto viktigare er dette om ein brukar digital framvising i gudstenesta. Me har ikkje råd til at salmeboka sin åndelege og kulturelle rikdom er utilgjengeleg i det øyeblikket straumen vert skrudd av. Salmeboka er kyrkja sitt smykkekrin. La oss finna fram til gamle og nye skattar og halde songen oppe i vår kyrkjelyd!

kirkeaktuelt. no



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

24.11.13: Torben Skaaland Undheim, Marius Rugland, Olav Dønne Østerhus
08.12.13: Ebbe Bø, Eva Bø, Andreas Jaarvik
22.12.13: Amalie Paust
12.01.14: Linus Undheim, Pia Kalberg, Oda Lerstøl Cais

TIME KYRKJE

16.11.13: Vilje Lindeland Eckhoff, Therese Wiig, Ola Heigre Gjerdevik, Elias Stensland, Oliver Grant Solstrand-Cowling
01.12.13: Tord Magnus Sørmarken, Isabella Opshaug, Aurora Madland Løyning, Lotte Egeland Berg
25.12.13: Nico Steinsland Mapfumba
29.12.13: Otelie Skauvik, Einar Bryne, Kaja Osnes
12.01.14: Alexander Skjæveland Iversen, Athina Øverland Pollestad, Herman Vetthus

LYE FORSAMLINGSHUS

10.11.13: Palma Ovidie Bjelland
24.11.13: Andreas Gamlemshaug, Sigrid Gamlemshaug

UNDHEIM KYRKJE

24.11.13: Sofie Selliken Oma, Torjus Skårland

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

20.10.13: Olaus Grødem-Bø, Nærbø kyrkje

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydd på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen



VIGDE

31.12.13: Gunn Iren Salte og Ronny Thu
11.01.14: Ingrid Egeland og Magne Undheim



DØDE

Asbjørn Haaland, Gudveig Karolina Kjosavik, Brynhild Øglænd, Vincent Yves Robert Mauget, Johan Magne Haga, Ivar Haugland, Tor O Aarestad, Solveig Aasland, Torunn Marie Riise, Aase Matre, Judith Friestad, Maria Schei Auestad, Per Netland, Sigrid Margrete Oma, Ingrid Janny Gausland, Magnus Kåstad, Margit Mauland, Møyfrid Mauland, Arne K. Taksdal, Ingebjørg Halldis Løland

Et sted for frihet og forandring
Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon



TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermaterogaland@badeog.no
Besøksadresse: Oalsgt. 2, Sandnes
www.fermaterogaland.no

Begravelsesbyrå



Distriktets største gravmonumentutstilling

KROGEDAL begravelsesbyrå

D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no



Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
tlf. 951 06 028

Opningstider:
mandag/fredag 10.00-17.00
lørdag 11.00-15.00

VARELEVERING MED MEINING
HANDEL MED MEINING

NMS Gjenbruk på Bryne





Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00



Søndag 09. februar

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 16. februar

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 23 februar

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 02. mars - fastelavenssøndag

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Søndag 09. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 16. mars

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 23. mars

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 30. mars

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 06. april

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Matt. 5,13-16

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske
med utviklingshemming
Gudsteneste. Dåp

Luk. 8,4-15

Gudsteneste
Gudsteneste. Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste m/ familiefokus. Nattverd
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Matt. 17,1-9

Gudsteneste. Dåp. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 17,20-26

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste. Nattverd

Matt. 4,1-11

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng.
Årsmøte etter gudstenesta
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske
med utviklingshemming
Gudsteneste. Dåp

Matt. 15,21-28

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste m/ familiefokus. Nattverd
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Luk. 1,26-28

Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd

Luk. 11,14-28

Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Joh.11,45-53

Familiegudsteneste. Dåpsskolen deltek
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske
med utviklingshemming
Familiegudsteneste. Dåp. Dåpsskolen deltek